

## Møtereferat

Dato: 10.03.2016

Emne:	<b>Referat frå skulebesøk på Garnes vgs, 2.3.16</b>	
Til stades:	Frå skulen: rektor Aud Åsne Kvamme, ass.rektor Svein Arne Nybø, avd. leiar Erlend Kaasa, avd. leiar Petter G. Johnstad, elevinspektør Thomas Fjellestad, ATV Erik Adolfsen, lærarar Gunnhild Sætre, Martin Munkejord, Bjørn Inge Nøkling, elevrådsleiar Mathilde Knudsen Tunestveit og elevrådsrepr. Mathias Lie Dyngeland. Frå opplæringsavdelinga: regionleiar Hillevi Runshaug og spesialrådgivar Tor Ivar Sandvik. I tillegg deltok rektor på Arna vgs, Marianne Rolland Løvskar.	
Forfall:		Sak: 2016/300-7
Møtetid:	1130-1430	Møtestad: Garnes vgs

**Møteleiar: Hillevi Runshaug**  
**Referent: Tor Ivar Sandvik**

Opplæringsavdelinga har, som del av system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane, gjennomført skulebesøk ved Garnes vidaregåande skule.

Skulebesøket var sett opp etter programmet som var sendt ut på førehand:

- A. Velkommen
- B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde
- C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring
- D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – prosessen vidare
- E. Oppsummering og evaluering

### **B. Skulen sitt arbeid med prioriterte utviklingsområde**

- 1. Tema/prosjekt som skulen har valt ut og som er henta frå skulen sitt utviklingsarbeid:**  
*Eigenvurdering/medelevvurdering og monitoreringsprosjekt*

#### **Eigenvurdering/medelevvurdering**

Gunnhild Sætre la fram døme på korleis ho har jobba med vurderingsprosjekt på Vg1 i norskfaget. Elevane jobba i grupper der formålet var å ansvarleggjere alle elevane i prosjektet og unngå ulik fordeling av arbeid mellom elevane. Prosjektet skulle fremje samarbeidslæring og at elevane blei bevisst på eiga rolle i arbeidet.

I vurdering av arbeidet som elevane produserte sette lærar karakter på det faglege og vurderte saman med elevane innsats i prosjektet. Grad av innsats kunne vippe individuell karakter. Generelt var karaktersnittet høgare enn i andre vurderingssituasjonar. Elevane var i stor grad positive til eit slikt samarbeidsprosjekt, men dei fagleg dyktigaste elevane var mindre positive enn dei andre. Samtidig er ein slik arbeidsform viktig læring og sentralt i Ludvigsen-utvalet sin rapport *fremtidens skole*.

Det blei drøfta om praksis med å vurdere innsats er lovleg etter forskrifta. Skulen har lagt vekt på at faget er stort og ein ikkje skal ha standpunktkarakter før etter Vg3. Samtidig er samarbeidslæring sentralt og det er vanskeleg å vurdere «mjuke kunnskapar» med karakter, noko som var ein del av intensjonen i prosjektet. I mange tilfelle er det ei samheng mellom innsats og læringsutbyte, og skulen blei oppmoda til å løfte fram desse overfor elevane utan nødvendigvis å løna dei med høgare karakter ved auka innsats. Skulen må i framtida sterkt vurdere om dette er ei vurderingsform som er i tråd med kap. 3 i forskrift til opplæringslova.

### **Monitoreringsprosjekt**

Erlend Kaasa og Bjørn Inge Nøkling la fram monitoreringsprosjektet og erfaringar av det på MK Vg1. Arbeidet var vore ein del av prosjektet *systematisk elevmedverknad for betre læringsmiljø*.

Skulen gjennomførte eit Redesign-prosjekt på MK, der den eine klassen nytta monitor i klasserommet, medan den andre klassen var kontrollgruppe. Elevane svarte i etterkant på ei spørjeundersøking der elevane i kontrollgruppa gav betre tilbakemeldingar på spørsmåla som blei stilt. Det er likevel såpass stor forskjell i elevgrunnlaget i dei to klassane at ein ikkje aleine kan støtte seg til dei kvantitative resultatane. I dialog med elevane i prosjektklassen gav elevane positive tilbakemeldingar på monitoren og at dei ønska den med vidare. Skulen har identifisert nokre praktiske utfordringar i forsøket og skal løyse desse i det vidare arbeidet.

Monitoren blei opplevd som pedagogisk nyttig, han viser kor i løypa elevane er i prosjektarbeidet og er såleis eit godt prosessverktøy.

### **2. Tema frå skulen sitt utviklingsarbeid som opplæringsavdelinga ønskjer å få utdjupe:**

*Vurdering var tema også i skulebesøket våren 2015. Av referatet går det fram at skulen bruker mykje tid på planlegging av vurderingsarbeid, men at innhaldet ikkje nødvendigvis kjem godt nok fram for elevane. Det går også fram at elevmedverknad bør skje på fagnivå, i diskusjon rundt læreplanmål og vurderingskriterium. Vurdering har vore satsingsområde over nokre år. Med bakgrunn i data frå undersøkingar og eigen kjennskap til området, ønskjer vi å utfordre dykk på korleis skulen systematisk jobbar for å auke kvaliteten på vurderingsarbeidet.*

Det blir nemnt at eigenvurdering er eit jamleg diskusjonstema i fagseksjonane, men at mykje av praksisen er for individuell. Det blir også nemnt at praksisen varierer mellom seksjonane. Eit døme på korleis vurderingsarbeidet blir ein reiskap i læringsprosessen er praksisen med at elevane no får tilbakemeldingar på eige arbeid før dei får karakter. Dette blir haldt fram som ein praksis som alle på MK forpliktar seg til.

Elevane trekkjer fram at det kjem an på fag og lærar om dei forstår tilbakemeldingane dei får. Ei anna problemstilling er også at det kan gå lang tid frå vurderingssituasjon til tilbakemelding. Formøte til klasselærarråd er arenaer kor dette er tema. Forskjellar mellom fag og vanskegrad på vurderingssituasjonar har vore drøfta.

Skulen gjennomførte Elevundersøkinga våren 2016, men berre med obligatorisk utval på Vg1. Det gjer at resultatane på skulenivå ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare år. Resultatane varierer på avdelingsnivå, og skulen blei oppmoda til å gå nærare inn på variablane og spørsmåla i undersøkinga og identifisere kva mogelege årsaker som ligg til grunn for både positive og mindre positive resultat. Det kan vere eit innslagspunkt for å jobbe med undervegsvurdering og eigenvurdering konkret.

Eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga, og kan ha ulik tilnærming frå fag til fag. Det blei likevel løfta fram at det er stor variasjon i vurderingspraksis på tvers av seksjonane, gjennom at mykje av

praksisen er individuell. Skulen peika på at dei ikkje har løfta fram godt nok korleis jobbe systematisk med undervegsvurdering, inkludert eigenvurdering.

### C. Tema knytt til innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring

**Opplæringsavdelinga ønskjer ein dialog rundt nokre sentrale spørsmål, som har innverknad på eleven sitt læringsutbytte og fullføring.**

Med utgangspunkt i tilstandsrapporten og resultat i PULS, korleis arbeider skulen systematisk med:

- **Overgangane for å sikre auka fullføring?**
  - ungdomsskule – vidaregåande opplæring
  - mellom nivåa i vidaregåande opplæring
  - mellom vidaregåande opplæring og arbeidsliv
- **Oppfølging av eleven si læring og utvikling og kvalitet i undervisninga**
- **Elevmedverknad og læringsmiljø?**

Grunna tidsnaud blei denne delen av besøket noko redusert. Skulen la fram arbeid med:

- Spelprosjekt
- Pilotprosjektet «innanfor skulen»
- Samarbeidsprosjekt m/ Arna helseheim
- Toppidrett med E-sport

I samarbeid med Bergen kommune, deltek Garnes vgs i prosjektet **Innanfor skulen**. Prosjektet gir auka psykologressurs til skulen. Målet er auka gjennomføring, og går ut på samarbeid mellom kommunen og skulen på oppfølging av fråvær. Kroppsøving er et særskilt utsatt fag, og fråvær i dette faget er ofte ein indikator på i kor stor grad elevane fullfører. Ved fråvær tre gonger på rad, går det ei melding til helsesøster som kallar inn til samtale. Dette kjem i tillegg til faglærer sin eigne dialog. Samhandlinga mellom skulen og helsesøster har fungert godt, og leiinga for prosjektet er nøgd så langt.

**Samarbeidsprosjektet med Arna helseheim** er eit prosjekt for MK-elevar og helseheimen. Brukarane på helseheimen etterlyste filmar frå eige nærmiljø. Skulen blir involvert gjennom eit ønskje om å nytte HR-teknologi til å lage videoar. Skulen ser for seg å starte elevbedrift som skal samarbeide med brukarane om ønskje dei har. Prosjektet har ein fagleg profil, men også eit godt snitt mot generell del av læreplanverket.

**Toppidrett med E-sport** følgjer modell for toppidrett handball/fotball. Skulen presenterte innretting av faget, og positive læringseffektar det kan ha mot andre fag som t.d. norsk og matematikk.

### D. Nytt styringsdokument (2016-2018) – Prosessen vidare

Skulen har ikkje hatt tid til å sette seg inn i nytt styringsdokument for perioden, så vidare arbeid blei ikkje drøfta i særleg grad. I tillegg må ein sjå dette arbeidet opp mot administrativ samanslåing av Arna vgs og Garnes vgs.

### **E. Oppsummering og evaluering**

Samarbeid på tvers og overføring av erfaringar og metodikk på tvers av klasser og seksjonar blei nemnt som ei hovudutfordring. Det blei poengert at ein ikkje skal lage system for systemets skuld og at ein ikkje skal standardisere undervisning eller metodikk. Det er likevel avgjerande at skulen, ved leiinga, løftar opp sentrale utfordringar på skulenivå, får ei felles forståing til desse og følgjer opp utviklingsarbeidet. Det nye styringsdokumentet for 2016-2018 gir skulane stor fridom i utviklingsarbeidet, og det følgjer med eit auka ansvar for å vurdere eigen verksemd.

Det blei elles nemnt at skulen har mange interessante prosjekt gåande, og desse skal ein jobbe vidare med i framtida. Monitoreringsprosjektet har ein følgd opp på ein god måte og funne praktiske utfordringar som ein vil løyse.

Elevane ga uttrykk for at deltaking gjorde at dei fekk meir informasjon om ulike prosjekt og kva som ligg som bakgrunn for desse.

**Referatet er godkjent av:**

**Rektor Aud Åsne Kvamme**  
**Regionleiar Hillevi Runshaug**